

Nedgang i salet i Tlaren

05.01.2016



Trufaste gjestar i Tlaren: Britt og Ivar Bernhard Arnesen og Liv og Jan Henrik Hansen

Det har vore ein viss nedgang i salet i den populære tysdagskafeen Tlaren som UU opna hausten 2007. Ifjor stoppa det i underkant av 60 000 kroner - nærmere bestemt 59 220 - medan den beste noteringen tidlegare var 72 000, går det fram av protokollane. I 2012 vart det seld kaker, rundstykke og kaffe for dette beløpet medan summen i 2013 vart 68 800 året etter og 66 000 i 2014.

Den beste dagsnoteringa ifjor vart 2 085 kroner den 7. juli - altså midt i ferien. Tlaren hadde i dag den første opningsdagen i 2016 og besøket var godt - også fra Herøysund slik det plar vera den fyrste tysdagen i månaden. Det var 49 opningsdagar ifjor og dermed ein snittomsetnad på rundt rekna ein tusenlapp.

Interessa for Gamleskulen som møteplass i bygda har no i mange år hatt ein positiv tendens og mange er spente på kva som vert det endelege føremålet med kjellaren som no nærmar seg fullføringa.

Vert det ein avklaring om dette i samband med årsmøtet i Uskedalen Utvikling som snart skal haldast?

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen